



Statens vegvesen

Ard Arealplan
Nygårdsgaten 114
5008 BERGEN

Behandlande eining: Region vest	Sakshandsamar/telefon: Tone Bøyum / 55516792	Vår referanse: 16/170674-2	Dykkar referanse: ard1605	Vår dato: 15.11.2016
------------------------------------	---	-------------------------------	------------------------------	-------------------------

Merknad – Endring av reguleringsplan – Langhøyane – Fv. 410 – Gnr. 45 bnr. 416, 417 m.fl. – Radøy kommune

Statens vegvesen syner til nabovarsel mottatt 03.11.2016 med varsel om endring av reguleringsplan for Langhøyane (2013) i Radøy kommune. Frist for å kome med merknader er 24.11.2013.

Planområdet ligg om lag 1 km vest for Manger, langs fv. 410. Det er eit relativt stort planområde på om lag 114 daa. Planen legg til rette for 128 bueiningar med tilhøyrande infrastruktur, samt ein barnehage. Det er varsla endringar av føresegnene til planen slik at ein kan sikre ei trinnvis utbygging av feltet. Øvre deler av feltet har tilknytning til fylkesvegnettet gjennom eit etablert bustadfelt «Urhaug C. Manger» (1992)9. Dei vestre deler av feltet vert det etablert ny avkøyrsløse / kryss til fylkesveg.

Statens vegvesen er opptatt av at tilhøva for mjuke trafikantar mellom planområde og nærliggjande målpunkt (t.d. busshaldeplassar, skule m.m.) vert sikra. Den vidare prosessen må syne korleis tilhøva for mjuke trafikantar er tatt i vare på ein tilfredstillande måte, også i anleggsfasen med utbygging.

Ut frå framlegg til nye føresegner ser det ut til at Trinn 1 skal realiserast først. Vi meiner at det må gå klart fram korleis Trinn 1 er delaktig i finansiering av tiltak langs fylkesvegen (køyreveg og gang- og sykkelveg.)

I framlegg til føresegner er o KV01, fortau o_FT01 og o_ FT04 nemnt både under Trinn 1 og Trinn 2. Vi er at den oppfatning at fylkesveg og tilhøyrande anlegg må realiserast på eit tidleg stadium av utbygginga.

Vi ber også om at nemninga *Handbok 017* vert erstatta med *Handbok N100*.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
fir mapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

Når det føreligg eit nytt framlegg til plan og føresegner vil vi vurdere om våre interesser er tatt tilstrekkeleg i vare.

Plan og forvaltningsseksjon, Bergen

Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonsleiar

Tone Bøyum
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN